

Noko av det du finn på nettsida vår

Fremmedspråk på barnetrinnet

Framandspråk på barnetrinnet
Kva synest elevlar på 6. og 7. trinnet om å lære eit framandspråk? Sidene gir informasjon om bakgrunnen for det nasjonale forsøket der vel 70 skular deltek, om læremiddel, etterutdanning og anna.

Programfag

Programfag
Kunnskapsdepartementet ønskjer at fleire elevlar skal velje framandspråk som programfag i vidaregåande opplæring. Framandspraksenteret gjennomfører derfor ein fireårig tiltaksplan retta mot elevlar, lærarar og skular.

Universitet og høgskole

Universitet og høgskule
Kompetansenettverket Nasjonalt nettverk for engelsk og framandspråk er ein møtestad for språklærarar på universitet og høgskular. På desse sidene finn du informasjon om mandatet til nettverket og arbeidet det gjer.

Internasjonalisering

Internasjonalisering
Kontakt med målspråkland er nøkkelen til god språklæring. Framandspraksenteret har på denne sida laga til ei oversikt over ulike innfallsportar til internasjonalisering for skular og lærarar.

Forskning og utvikling

Forskning og utvikling
Forskning og utvikling driv skulen framover. På desse sidene informerer vi om forskning og utvikling innanfor framandspråk og framandspråkdidaktikk. Du finn òg informasjon om kor mange elevlar/studentar det er på dei enkelte språkfaga.

Språkvalg

Språkval
Kvifor velje framandspråk? Skal du ut i verda, lønner det seg å ha gode framandspråkkunnskapar i bagasjen. Du blir fort kjend med folk, og slike kunnskapar er det òg ein fordel å ha med på CV-en. På desse sidene får du ei oversikt over kva val du har.

Læringsressurser

Læringsressursar
Oppsøk Framandspraksenteret sine ressursider om mellom anna språkpermane, barnehage, lesing, IKT, programfag og CLIL, eller gå til søkjebasen vår for læringsressursar og søk via kompetansemåla i læreplanane etter varierte og spennande språkressursar, både eigenutvikla og frå andre kjelder.

Vår visjon:

- Større interesse for språk
- Auka motivasjon for språklæring
- Høgare kvalitet i opplæringa
- Betre ferdigheiter i mange språk



FRAMANDSPRÅKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR FRAMANDSPRÅK I OPPLÆRINGA

www.framandspraksenteret.no



FRAMANDSPRÅKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR FRAMANDSPRÅK I OPPLÆRINGA

Ei verd av
moglegheiter



Eit nasjonalt ressurscenter



Høgskolen i Østfold. Senteret er administrativt underlagt Høgskolen i Østfold, studiestad Halden.

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa er eit nasjonalt ressurscenter for grunnopplæringa og barnehagen under Kunnskapsdepartementet. Den faglege styringa og oppfølginga av senteret er delegert frå departementet til Utdanningsdirektoratet.

Vi er eit nasjonalt ressurscenter og støttar skular og skuleeigarar med kunnskapsbasert materiale om god praksis. Senteret hjelper òg universitets- og høgskulesektoren i arbeidet med å satse på kompetanseutvikling for å styrkje framandspråkopplæringa.

Formål

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa bidreg til at den nasjonale utdanningspolitikken blir sett i verk og gjennomført slik at alle barn, unge og vaksne får ei likeverdig og tilpassa opplæring av høg kvalitet i eit inkluderande fellesskap.

Vi arbeider for auka kvalitet i framandspråkopplæringa og for at opplæringa skal få eit praktisk og variert innhald. Vi har òg som mål å bidra til auka motivasjonen og interessa for framandspråk.

Verksemnda til senteret er landsdekkjande.

Målgrupper

Dei sentrale målgruppene for verksemnda vår er lærarar, skuleleiarar, pedagogisk personale i barnehagane og barnehage- og skuleeigarar. Til målgruppa høyrer òg elevar som skal velje framandspråk.

Oppgåver

Verksemnda til senteret omfattar opplæringa i engelsk og framandspråk (til dømes spansk, tysk, fransk og russisk).

Sentralt i arbeidet ved senteret står implementering og bruk av læreplanverket, Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver og nasjonale satsingar, mellom anna innanfor kvalitets-

utvikling, vurdering og kompetanseutvikling. Vi analyserer utviklinga i sektoren og samlar, systematiserer og spreier resultat frå forskings- og utviklingsarbeid.

Like eins bidreg vi med råd og tenester til nasjonale utdanningsmyndigheiter.

Vi har eit godt utbygd nasjonalt og internasjonalt nettverk og har jamleg kontakt med relevante fagmiljø i inn- og utland.

